



Jentelaget til Uskedal 96 som spela på Husnes. (Foto: Heimesida til Trio)

**Laurdag arrangerte Trio nest siste inneturnering for våren då gutane og jentene i 11- og 12-årsklassane møttes.**

Av dei ni laga var to frå Uskedalen – J 96 og G 96 - og dei gjorde ein god innsats. Fem av laga var frå Trio og 80 spelarar var i aksjon. Neste laurdag arrangerer Trio den siste innecupen og da skal miniputtane delta.

I jenteklassa var det fire lag, to frå Trio, eitt frå Rosendal og eitt frå Uskedalen.

I guteklassa var påmeldinga mindre enn vanleg og klassane 96 og 97 måtte difor slåast saman, Uskedal ville gått til topps om det hadde vorte ført tabell, skriv heimesida til Trio. Men det gjer dei ikkje på dette alderstrinnet.



Gutelaget til Uskedal 96 som spela på Husnes (Foto: Heimesida til Trio)